

Overordna etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Sykkylven kommune

§ 1

Dei etiske retningslinjene for folkevalde og tilsette i Sykkylven kommune skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold.

Kommunen skal syte for at retningslinjene er kjende og lett tilgjengelege for alle involverte. Spesielt skal det orienterast om reglane for nytilsette og ved opplæring av folkevalde. Regelverket skal vere tilgjengeleg for innbyggjarane i Sykkylven kommune.

Uvisse om tolking av regelverket skal tilsette ta opp med næraste overordna. Folkevalde bør bruke dei folkevalde organa for avklaring av spørsmål.

Med tilsette meiner vi her alle som har ein arbeidsavtale med Sykkylven kommune. Folkevalde er alle som er direktevalde eller representativt valde i kommunale styre, råd og utval, eller som er kommunale representantar i kommunale føretak, aksjeselskap eller stiftingar.

§ 2

Dei etiske retningslinjene skal bygge på lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, samt kommunen sin visjon og verdigrunnlag.

Sykkylven kommune sin visjon er: Skaparglede

Sykkylven kommune sitt verdigrunnlag er: Vere ei kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet og er med på å skape trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag

§ 3

Det er viktig at kommunestyre, rådmann og einingsleiarar utviser eit leiarskap basert på høg etisk standard. Haldningar og verdiar som går fram av denne standarden, forplantar seg frå kommunestyret til rådmann, einingsleiarar og til andre tilsette.

§ 4

Tilsette og folkevalde har eit stort ansvar som forvaltarar av fellesskapets midlar. Framferd og handlingar til kvar enkelt legg grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen.

§ 5

Kommunen tilbyr mange ulike velferdstenester og har mynde til å gjere vedtak som vedgår innbyggjarar og næringsliv. Brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld forhold der kommunen møter leverandør, kunde, konkurrent, nabo eller andre aktørar. God informasjon og korrekt rettleiing er viktig for at alle kan forstå bakgrunnen for kommunen sine handlingar.

§ 6

Tilsette og folkevalde skal vise respekt for kvarandre sine roller. Kommunen treng aktive tilsette som tek initiativ til å få fram gode tenester, nyttige endringar og god forvaltning. Kommunestyret har det øvste arbeidsgjevaransvaret, og folkevalde tek viktige avgjerder om kommunen sine planar, drift og investeringar. Tilsette skal vise lojalitet til politiske vedtak.

Drifta til kommunen byggjer på størst mogleg offentleg innsyn. Både tilsette og folkevalde må derfor vere innstilt på at det vert sett kritisk lys på habilitet og innhald/kvalitet i tenesteytinga.

§ 7

Tilsette og folkevalde skal til ei kvar tid og ved eit kvart høve unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde tilhøve som ikkje vert ramma av reglane om habilitet i forvaltningslova. Døme på slike interessekonfliktar kan vere: *Forretningsmessige tilhøve ved tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer, løna bistilling som kan påverke eige arbeid i kommunen, personlege økonomiske interesser, familiære og andre nære sosiale tilhøve*

Kvar enkelt har elles plikt til å gjere seg kjend med habilitetsreglar gjevne i lover, forskrifter og andre retningslinjer.

§ 8

Tilsette og folkevalde skal bruke arbeidstid, kommunale midlar og eigendelar på ein effektiv og god måte. Bruken av kommunale lokale, bilar, maskinar, PC-ar, mobiltelefonar og alt anna utstyr kan berre skje i samsvar med vedtekne retningslinjer.

§ 9

Tilsette og folkevalde i kommunen skal unngå fordelar av ein kvar art som kan påverke eller vere eigna til å påverke saksførebuingar eller vedtak.

Det er ikkje høve til å ta mot gåver med mindre det gjeld ting av relativ liten verdi, inntil kr 1.000,- som bøker, blomar og liknande. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar som reiser, opplevingar eller personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester. Ved tilbod om gåver og liknande som har eit omfang som går utover kommunen sine retningslinjer, skal overordna kontaktast og gjevar få beskjed om reglane.

Reiseutgifter i tenestesamanheng skal dekkjast av kommunen. Unntak frå dette kan berre skje etter særskilt vedtak. Folkevalde og tilsette kan ikkje akseptere fritidsreiser betalt av firma, organisasjonar eller liknande som dei har kontakt med på vegne av kommunen.

§ 10

Representasjon må ikkje vere av ein slik art at den kan tenkjast å påverke avgjerdsprosessen i kommunen, eller gi andre grunn til å tru det. Tilsette og folkevalde representerer kommunen når dei er på kurs/arbeidsreiser. Det skal visast måtehald med alkohol i slike samanhengar. På reiser der det er brukarar med, er det forbode å nyte alkohol.

10.12.12

§ 11

Tilsette og folkevalde bør vere medvitne sine roller ved bruk av kommunikasjonskanalar som internett og sosiale media. Søk råd om kva for konsekvensar slik bruk kan føre til.

§ 12

Fortrulege opplysningar som ein får gjennom arbeid eller politiske verv, må respekterast og ikkje brukast til skade for andre eller til personleg vinning.

All informasjon som kommunen gir, skal vere korrekt og påliteleg og ikkje med vilje gjevast tvitydig formulering.

Reglementet vedteke av kommunestyret i møte den 10. desember 2012